Tingvoll menig.hus kl. 19:30 Temakveld ved Otto Seljebotn. Islam i møte med vår kristne tru.

**27. januar - Kristi forklarelsesdag**

Preiketekst: Joh 17,1-8

Stangvik kyrkje kl. 11:00 Avskjedsgudsteneste for biskop Odd Bondevik. Takkoffer. Felles gudsteneste for prostiet.

**3. februar - Søndag før faste (Fastelavnssøndag)**

Preiketekst: Joh 12,24-33

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Blomstrøm.  
 Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til Kyrkjebladet.  
 Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer.  
 Øksendal kyrkje kl. 11:00 Hovde.  
 Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Boye. Nattverd Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
 Hov kirke kl. 19:00 Storset. Sanggudstjeneste. (Merk tiden.)  
 Raner kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer til Misjonsprosjektet, Beghi.  
 Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste. Myldregudsteneste, 3-åringar. Kåre Rånes. Takkoffer til Tingvoll Microgospelkor.  
 Straumsnes kyrkje kl. 16:00 Gudsteneste. Nattverd. Gerd Aarset. Takkoffer til Blå kors, Møre og Romsdal.  
 Gjemnes kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Dahle. Bibelutdeling til 5.-klassingene.

**06. februar - askeonsdag**

Preiketekst: Matt 6,16-18

Tingvoll kyrkje kl. 20:00 Ekumenisk gudsteneste.  
 Øre kyrkje kl. 19:30 Fastegudsteneste. Nattverd. Dahle.

**07. februar - torsdag**

Øye kyrkje kl. 10:00

Morgonsong. 7. trinn. Hvam.

**10. februar - 1. s. i faste**

Preiketekst: Matt 16,21-23

Halsa kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Blomstrøm.  
 Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til menighetsarbeidet.  
 Stangvik Inga gudsteneste  
 Hov kirke kl. 11:00 Hovde.  
 Mo kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer til misjonsprosjektet, Beghi.

Tingvoll

Øre kyrkje kl. 11:00

Inga gudsteneste  
 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til KRIK.

**17. februar - 2. s. i faste**

Preiketekst: Luk 7,36-50

Halsa Ingen gudstjeneste  
 Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til IKO.  
 Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås.  
 Hov kirke kl. 11:00 Storset.  
 Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Hovde. Takkoffer til Kyrkjebladet.  
 Surnadal Inga gudsteneste  
 Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste. Myldregudsteneste for 2-og 3-åringar. Kåre Rånes. Takkoffer til arbeidet i eigen kyrkjelyd.  
 Tingvoll kyrkje kl. 20:00 Gudsteneste med nattverd. Kåre Rånes. Takkoffer til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA).  
 Øre Inga gudsteneste

**DØYPTE — VIGDE — DØDE****Døyppte****VALSØYFJORD**

14.10 Andreas Botten Henden

**RINDAL**

30.09 Lars Ola Fiske (døpt i Meldal kirke)

07.10 Isak Erima Rønningsbakk

04.11 Sebastian Kjøren Negaard

04.11 Birger Langli

**STANGVIK**

21.10 Øystein Lysø

**ÅSSKARD**

18.11 Kåre Magnus Bøe

18.11 Nicolas Bæverfjord

18.11 Jakob Heggem

**HOV**

30.09 Elisabeth Ingebrigtsen Ødegård

30.09 Kevin Toset

07.10 Ingrid Torvik

14.10 Pernille Hermo Reiten

14.10 Hanna Michaela Pedersen

21.10 Lars Kristian Brakstad

28.10 Madeleine Sripichean Gravanès

**ROMFO**

30.09 Alice Kolset

**ÅLVUNDEID**

04.11 Oda Bråten Mo

**ØYE**

07.10 Aila Miriam Paulsdatter Mathiassen

28.10 Anders Markus Tveit Heggset

28.10 Helge Nordvik

28.10 Joel Sveberg

28.10 Isak Drøpping

**RANES**

21.10 Eline Østbø

**MO**

04.11 Lars Vaseng Kvammen

04.11 Mats Moen

04.11 Kristi Fugelsøy

**STRAUMSNES**

07.10 Ask Andre Dragsnes

04.11 Tuva Kvamseng Aasen

04.11 Anna Strømsvåg

Forts. side 8

Fra side 7

## TINGVOLL

- 14.10 Emma Ax  
 28.10 Ingrid Lofstad Reitan  
 ØRE  
 21.10 Anniken Harstad  
 28.10 Aksel Strand (Døyp i Strinda kirke)  
 04.11 Mathilde Endresen Hegstad  
 (Døyp i Osmarka kapell)

## Vigde

## TINGVOLL

- 06.10 Ragna Iren Rekdal og  
 Odd Arne Rimstad Kolbu  
 30.10 Aina Balstad og Ingvar Torjul  
 ØRE  
 06.10 Laila Merethe Hellem Yttervik og  
 Jo Harald Lilleeidet

## Døde

## HALSA

- 11.10 John Husby f. 1921  
 18.10 Jan Ingvar Betten f. 1934  
 15.11 Bjørg Jørgine Moen f. 1926

## VALSØYFJORD

- 23.10 Lilli Starnes f. 1921  
 25.10 Lars Hendseth f. 1931  
 06.11 Borghild Hestnæs f. 1919

## RINDAL

- 02.10 Jon P Pedersli f. 1913

## STANGVIK

- 02.10 Gunnar Nordvik f. 1924  
 24.10 Odd Østbø f. 1929

## TODALEN

- 06.11 Ingeborg Anna Brusset f. 1911

## HOV

- 25.09 Alf Lien f. 1921  
 11.10 Ivar Hoås f. 1918  
 21.10 Klara Dorthea Linseth f. 1918  
 24.10 Hallvard Brusethaug f. 1936  
 27.10 Anna Svisdal f. 1916  
 02.11 Aksel Edvin Stavem f. 1929  
 02.11 Johanne Evensen f. 1929  
 03.11 Leif Vermøy f. 1920

## ROMFO

- 24.09 Ruth Marit Høgstad f. 1948  
 07.10 Lorentz Adolf Myren f. 1914

## ØKSENDAL

- 01.10 Anders Husby f. 1924

## ÅLVUNDEID

- 29.10 Tore Ulvund f. 1913

## ØYE

- 13.11 Gudrun Halgunset Svebak f. 1921

## RANES

- 02.10 Brit Nekstad f. 1920  
 07.10 Gjertrud Ree f. 1911  
 15.11 Ivar Raness f. 1923

## MO

- 14.10 Ingebrigt P Moe f. 1921  
 14.10 Berta Rindal f. 1919

## STRAUMSNES

- 30.09 Alfhild Nikoline Molvik f. 1922  
 01.11 Odd Strømsvåg f. 1936

## TINGVOLL

- 28.09 Hulda Annie Strupstad f. 1920  
 18.10 Henrik Rossbach Solli f. 1920  
 18.10 Magnhild Bergem f. 1930

## ØRE

- 10.10 Brit Orset f. 1930  
 11.10 Aslaug Pauline Aspås f. 1916  
 22.10 Anstein Furset f. 1934  
 22.10 Ragna Flemmen f. 1919

## Lyset i mørket

Andakt av prost Gerd Anne Aarset

Det er kveld, mørket har for lengst senket seg, ute er det kuldegrader og jeg må vedgå at vinteren er her. Jeg skal innrømme det, vinteren er ikke min favorittårstid. Men noe motvillig skal jeg innrømme at det også er noe godt ved det mørke og kalde. For nå er lyset og varmen så veldig velkomne! Å tenne et stearinlys og kjenne varmen fra peisen gir kalde og mørke dager ekstra glans. Og det gir meg også innsikt som jeg ikke får på samme måte når sola skinner nesten døgnet rundt.

For lyset vises så mye bedre når det er mørkt! Lyset blir liksom så mye viktigere og kjærkomment når det ikke er så selvfølgelig. Jesus snakker om seg selv som verdens lys. Og i disse tider skjønner jeg det bedre fordi dagene er så korte og lyset ikke alltid greier å lyse opp dagen. Da tenker jeg på Jesus som verdens lys.

En av de flotteste tekstene i Bibelen synes jeg er begynnelsen til evangeliet etter Johannes. Her står det om Jesus og Johannes kaller her Jesus for Ordet. Det er ikke så lett å forstå hva Johannes skriver om dersom du ikke setter inn Jesus istedenfor Ordet. Men prøv å les teksten og les Jesus istedenfor, så tror jeg du kan oppdage hvor mye som blir sagt på disse få linjene. *Livet var menneskenes lys, står det. Lyset skinner i mørket, og mørket har ikke overvunnet det.* Se ut vinduet ditt etter at mørket har falt på og se hvor viktig lyset er! Lyset gir et helt nytt perspektiv på livet! For i lyset ser du, i lyset blir du sett, i lyset er mørket borte.

*Det sanne lys, som lyser for hvert menneske, kom nå til verden.* Det er det vi vil bruke tid på å minne hverandre om i alle de lysmessene vi skal ha rundt omkring i kirkene våre i adventstiden. Konfirmanter og andre vil lese tekster både fra Det gamle og fra Det nye testamente om han som skulle komme og som kom. Det handler om



forventningen og utfordringen til å gjøre seg klar til å ta imot. Og denne teksten er også preteksten på 1. juledag. *Ordet ble menneske og tok bolig iblant oss, og vi så hans herlighet, en herlighet som den enbårne Sønn har fra sin Far, full av nåde og sannhet.*

Jeg skjønner denne teksten lettere om vinteren. Når jeg ser ut, ser jeg lysene. Jeg tenker på han som var menneskenes lys og som kom for å lyse opp mitt liv slik at jeg skulle oppdage han som ble født som et lite barn og som ble drept som voksen mann. Men mørket kunne ikke overvinne lyset, Jesus sto opp igjen fra de døde. Julens og påskens budskap blir ett.

Jeg ønsker deg en god adventstid og en fin julehøgtid. Tenn deg et lys og tenk på han som var det *lys som skinner i mørket.*

Teksten er hentet fra Johannesevangeliet 1. kapittel, versene 1-18.

## Bibelspredning

Gjennom United Bible Societies, UBS (De Forente Bibelselskaper) er Det Norske Bibelselskap med på å spre Bibelen i over 200 land. Det arbeides med mer enn 800 oversettelsesprosjekter og man har en årlig distribusjon på over 600 mill bibler og bibeldeler.

(Informasjon fra forlagssjef  
 Turid Barth Pettersen i  
 Verbum og Bibelselskapet)

## Frivillig kontingent

Hjarteleg takk til alle som har betalt kontingent! Nå utfordrar vi serleg dei som ikkje nytta giroen i juni til å gi ei gåve. Kr. 150 kan vere ein passande sum, men vi tek imot alle gåver – små og store.

Synnøve Bjørndal  
 leiar i styret for Kyrkjebladet





# HALSÅ

Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge: kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halså kirke

## Valsøyfjord kirke trenger nye konfirmantkapper

Konfirmantkappene i Valsøyfjord kirke ble første gang brukt den 12. juli 1964. Etter 43 års bruk, mener nå Valsøyfjord menighetsråd at kappene må skiftes ut med nye.

På grunn av at hektene på kappene er av metall, er det rustflekker på de aller fleste av kappene. Derfor har det de siste årene vært vanskelig å finne kapper som har vært presentable ved en så stor høytid som en konfirmasjonssøndag jo er.

Selv om kappene har vært rensset, viser alle tydelige tegn på at de har "sett sine beste dager"!

For at neste års konfirmanter skal få stille i splitter nye hvite kapper, vil Valsøyfjord menighetsråd nå gå til innkjøp av konfirmantkapper.

Men så var det denne økonomien da ...!

Menighetsrådet har ikke muligheter til å klare et sånt økonomisk løft alene. Derfor ble det for en tid siden utsendt en giro til alle husstandene i Valsøyfjord sokn, der det blir bedt om et bidrag.

Alle bidrag som kommer inn til menighetsrådet, både små og store, blir mottatt med takk!



Kirketjener ved Valsøyfjord kirke, Per Enge, og leder i Valsøyfjord menighetsråd, Marie Botten, står her med konfirmantkapper som de, og de andre medlemmene i menighetsrådet, synes er modne for utskifting. Foto: KH.

Som et lite apropos kan nevnes at dagens kirketjener ved kirken på Otnes, Per Enge, var en av de mange som brukte disse kappene første gang, da han ble konfirmert i 1964.

*Kåre Hendset*

## Bispenominasjon

Møre bispedømmeråd har nominert fire kandidatar til embetet som ny biskop i Møre etter Odd Bondevik, som går av med pensjon 1. mars neste år. Dei nominerte er sokneprest Berit Øksnes Gjerløw (48), Skiptvedt; leiar i Presteforeninga Ingeborg Synøve Midtømme (46), Oslo; praktikumsrektor Halvor Nordhaug (54), Ås; og prost Bjarne Olaf Weider (59), Jessheim.

Kyrkjedepartementet sender no nominasjonslista ut til røysting mellom sokneråd, prestar, kateketar, diakonar og kantorar i vigsla stillingar og med offentleg kyrkjeleg stilling i Møre bispedøme, alle prostane i heile landet, professorane ved dei tre teologiske fakulteta, og rektorane ved dei praktisk-teologiske seminara. Etter fristen for røystinga 11. januar, blir resultatet sendt til dei einskilde biskopane og Kyrkerådet til uttale før utnemning skjer i kyrkjeleg statsråd.


Det er første gongen ved eit bispeval at det er nominert like mange kvinner som menn. Bispedømmerådet hadde høve til å nominera fem kandidatar, men nøyde seg med å nominera fire.

## Kristendomsforfylgjing

*Vi veit at orda og det skrivne ordet betyr så mykje at menneske kan dø for retten til skriva og uttrykka seg fritt. Og journalistyrket er det farlegaste yrket i verda.*

*Pressefridom og ytringsfridom høyrer til våre største demokratiske rettar, som må brukast med ansvar og i respekt for andres tru og kjensler. For det fell nøyte saman med retten til å tru og meina, trusfridomen, ein fridom som blir lite respektert rundt om i verda. Av frykt for det skrivne ordet, blir Bibelen brent og menneske fengsla og drepne i totalitære statar.*

Ein reknar som sannsynleg påvist at 200 mill kristne blir forfylgde for si trus skuld, i form av falske skuldingar, diskriminering i høve til majoritessamfunnet og direkte forfylgjing av storsamfunnet og



det politiske maktapparatet. Eller dei blir trakkaserte, valdtekte og utsett for andre overgrep utan at politiet og styresmakter reagerer.

Den internasjonale organisasjonen «Åpne dører», som har avdelingar i over 40 land verda over, har laga ei liste over land der kristne blir forfylgde, fengsla og torturerte, eller drepne for si trus skuld. Mellom dei mest kristendomsfiendtelege landa i verda er tre kommunistiske, seks muslimske og eit buddhistisk. Mellom 50.000 og 70.000 kristne sit i fengsel eller i tvangisleirar på grunn av si tru. Dei ti

verste landa er Nord-Korea, Saudi-Arabia, Iran, Somalia, Maldivene, Yemen, Bhutan, Vietnam, Lagos og Afghanistan. Nord-Korea toppar lista for femte år på rad.

Men også i land som Kina, India, Pakistan, Indonesia og Egypt opplever kristne store overgrep, og ikkje minst er kristne som spreier kristen litteratur utsette. Ein kristen bokhandlar i Bibelselskapets bokhandel i Gaza vart nettopp drepne, og tidlegare vart tre arbeidrarar i ein kristen bokhandel i Tyrkia brutalt drepne.

*Einy Rendal Elgsæther*



## SURNADAL

Øye - Mo - Ranes

Kyrjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Raness kyrkje - Stangvik kyrkje



# Fin bok om Mo-kyrkja

Mo-kyrkja frå 1728 er Surnadal sitt sentrale kulturminne. Oddvar Moen har no utvida jubileumsskriftet frå 250-årsjubileet i 1978 til ei flott og rikholdig bok om det særprega kyrkjebygget.


Boka på rundt 100 sider er oversiktleg og fint utstyrt – med mange vakre og informative illustrasjonar. Forfattarane har arbeidd grundig og fått med det meste som er muleg av opplysningar – mykje har kome til etter at første utgåva kom i 1978.

Tillegget med kort-versjonar på tysk og engelsk og tre-språklege bilet-tekster gjer "Mo kyrkje 1728" til ein fin og venteleg populær turistguide også.

Funnet av ein vikingbåt på kyrkjegarden og dei interessante utgravingane under kyrkja i samband med nylege reparasjonar har også fått grei omtale og set kyrkjestaden Mo i nytt perspektiv.

Like eins har Oddvar Moen henta fram fyldigare informasjon om inventaret i kyrkja. M.a. kjem det fram at altartavla må vera laga av Ole Joensen Kolset i 1767. Det kunne føyast til at denne kyrkjekunstnaren mest sannsynleg var frå Kalset i Bøfjorden.

Ikkje minst er det prisverdig at boka viser at kyrkja ikkje berre er ei "sjåverdighet", men ein levande institusjon der viktige ting i bygda har skjedd og skjer – slik vi t.d. les i kapitla "Frå soknerådsprotokollane" og "Kristenlivet i Mo".



ODDVAR MOEN

## Mo kyrkje 1728

All grunn til å gratulere forfattar Oddvar Moen og utgjevar Mo sokneråd med eit verk som ikkje berre blir "årets julegåve", men som i all framtid vil vera eit stolt dokument for surnadalingar og mange andre!

Bernt Bøe

## Kyrkjegarden på Øye

Endeleg er vi no ferdig med utviding av kyrkjegarden på Øye. Det har vorte ein fin og verdig kvilestad. Parkeringsplassen er



og på plass. Overleveringa av gravplassen til soknet vart markert med ei høgtidsstund den 26. september. Samlinga i den fine haustkvelden understreka bodskapen om mørker og lys og død og liv.

Det var prost Gerd Anne Aarset som leia det heile både inne i kyrkja og ute på gravplassen. Kyrkjegarden vart vigsla med tekstlesing, bøn og song.

I første omgang vart no tre av dei nye felte vigsla. Det fjerde feltet (i sør-aust) står uvigsla med tanke på dei som ikkje ønskjer å gravleggjast i vigsla jord.

Ingeborg Nordlund

Den nye kyrkjegarden på Øye kan nå takast i bruk. Tre av dei fire felte er vigsla. Foto: SB.

### Diakon

Gry Netland-Ebbesen er tilsett som diakon i 100 % stilling i Surnadal og Rindal, med atterhald om godkjenning frå kyrkjerådet og vigsling. Ho startar i stillinga i februar. Gry har vore vikar i 50 % stilling som diakoniarbeidar sidan i vår.

### STANGVIK

#### Julekonsert i Stangvik

lauddag 15. desember kl. 16 med Stangvik og Mo Skulekorps, Tordenskjold Songlag, unge lokale talent og mykje allsong.

#### Todalskoret og Åsskard Kyrkjekor

samarbeider om "Vi syng jula inn" søndag 16. desember - i Todalen kyrkje om ettermiddagen og i Åsskard om kvelden.

## Lys på kirkegården

Når en vil tenne lys på gravstedet, må en passe på at en ikke skader gravsteinen og en må rydde opp etterpå. Kirketjeneren opplever av og til at snøfreseren blir ødelagt av lykter og fakkelbokser som har gjemt seg i snøen.

Vi anbefaler gravlys framfor fakkelbokser. Det kan lett bli sot på steinen hvis en bruker fakkel. Fakkelbokser må ikke settes opp på steinen. Hvis boksen velter, blir det stearin på gravminnet og dette er vanskelig å få bort.

Vær også oppmerksom på kranser bundet av ståltråd. Tråden kan gi rustskader på gravsteinen.

Når det er mye snø, er det ikke så enkelt å få tent et lys eller plassert en krans på et gravsted. Kirkegården kan se ganske uryddig ut når alle skal grave seg vei til "sin" grav. Ikke er det så enkelt å rydde opp etterpå heller. Kanskje kunne vi la kirkegården få "hvile i fred" under snødekket?

Synnøve Bjørndal



## STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



## RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
Telefaks 71 66 47 01  
E-post kirkeverge:  
ingeborg.nordlund  
@rindal.kommune.no  
Bildet: Rindal kirke

# Ukjend Stangvik-kunstnar?

Kan julemotivet på forsida av bladet ha noko med Nordmøre og Stangvik å gjera? Jau. Sjølv om motivet nok er ein kopi av eit sør-europeisk renessansebilete, var det Rasmus Teilgård (ca 1685-1754) frå Stangvik som laga måleriet - og da langt meir fargerikt enn på denne kopien.

Rasmus Teilgård var frå Trondheim, men vart nordmørsk godseigar, kyrkjeieigar og forpaktar av tiend, skattar og bøter og budde i Stangvik. Kunstmåling hadde han lært av Paul Melhorn. Han fekk mange kyrkjeoppdrag - i Vår Frue (1713) og i Kristiansund i 1720-åra. Han måla presteportrett (Amund Barhow og Eyler Hagerup i Kvernes og truleg Thomas von Westen i Veøy) og skal ha måla altartavla som (frå 1848) står i Ålvundeid kyrkje.

Biletet på forsida var bestilt og måla i 1724 til første kyrkje i Kristiansund. Men kyrkje frå 1709 brann ned 9. september

det året - truleg før biletet var på plass. Det hamna såleis i den neste kyrkja og vart seinare hengt opp i Kristiansunds-kyrkje nummer tre. Da byen vart bomba i 1940, brann også den kyrkja ned, og Teilgård-biletet av "Hyrdenes Tilbedelse" vart flammert.

Ei innskrift på biletet lydde slik:

*"Til Guds Ære og Kirken  
til Zirah er dette Skilderie for-  
æret og bekostet af agtbare og  
velfornemme Mand monsieur  
Friderich Friis med sin dyd-  
elskende Madame Anna Elena  
Hagerup Anno 1724"*

\*

*"Pinxit Erasmus Tegelgardius"*

Bernt Bøe

### RINDAL

#### Julekonsert

Den tradisjonelle julekonserten i Rindal kirke arrangeres fredag 21. desember kl. 20. Lokale aktører deltar. Det blir blant annet et stort felleskor med Salt & pepper, ungdomskoret, Kor Gøytt, Tormod og kirkekoret m.fl.

#### Skolegudstjenester

Det blir skolegudstjenester fredag 21. desember kl. 8.45 i Øvre Rindal kapell og kl. 11 i Rindal kirke. Foreldre, søsken, besteforeldre og andre er hjertelig velkommen til å være med. På gudstjenesten i Rindal kirke deltar Salt & pepper og ungdomskoret.

### SURNADAL

#### Lysmesse

i Mo kyrkje torsdag 13. desember kl. 19.30. Konfirmantane, songkoret Tormod og Mo skolekorps deltek.

#### Vi syng jula inn

i Raness kyrkje søndag 16. desember kl. 16. Surnadal hornmusikk, Surnadal skolekorps, Tordenskjold, Jubilate og ei korggruppe frå Nordmøre folkehøgskule deltek. Det blir andakt ved Ingeborg Nordlund.


# «Sett fra kirketrappa»

I over fire år har Magne Bergslid vore gjesteskribent i Aura Avis. I samarbeid med redaktør Lars Steinar Ansnes har Bergslid no gjeve ut ein del av desse stykka i ei flott gåvebok, innbundne med fint papir og festlege teikningar av illustratør Rita Backer Hjorthaug frå Tingvoll. Boka har eit djupt innhald med livsvisdom og hjelp til livstolkning, i motsetnad til all overfladisk kiosklitteratur, men er lettles med eit godt og fengande språk, originale vinklingar, korte setningar og korte småstykke, som også kan passa til opplesnad.

Bokas styrke er livserfaring og livsvisdom, ut frå 40 års presteteneste, forkynning, sjelesorg, samtaler, mekling. Fleire stykke handlar om det vanskelege livet, ekteskap, samliv, sex, men boka har eit vidt perspektiv med substans og djupt innhald, også når forfattaren skriv om kvardagslege ting, skriv med ein varm medmenneskeleg tone og ei fin diktaråre.

«Sett fra kirketrappa» Magne J. Bergslid. Illustrasjonar: Rita Backer Hjorthaug

Utgitt av A/S Aura Avis - Produksjon: Mediahuset as, Sunndalsøra



Boka er til sals hos dei lokale bokhandlarane og på kyrkjekontora i Surnadal og Rindal.

Omtale ved  
Einny Rendal Elgsæther



Nå blir det snart enklere å komme seg inn i Øvre Rindal kapell for de som sitter i rullestol. VIBO lager et lite tilbygg til det ene sakristiet. Der blir det handikappeis. Dørstokken inn til kirkerommet må høvles ned og da blir det endelig mulig å komme seg inn i kapellet med rullestol uten å ha med egne bærere. Dette er noe vi har ventet lenge på og vi ser fram til å få dette i orden. Foto: Synnøve Bjørndal.

### MINNEGAVE

I begravelsen til Jon Pedersli ble det gitt minnegave på kr. 5.650 til Øvre Rindal kapell. Hjertelig takk!

Kirkevergen



“Vi har ikke rett til å skade Guds skaperverk.” Odd Bondevik på Kyrkjemøtet, her saman med meteorolog Siri Kalvig (til høyre) og oseanograf Hilde Holdhus. Foto: Kirkens informasjonstjeneste.

# Eit barn på fanget

«Tenk om alle statsmenn – for det er jo mest menn – kunne ha et barn på fanget under fredsforhandlinger og samtalemøter!» seier biskop Bondevik i samtale med Kyrkjebladet. Han har vore biskop i Møre i 16 år, og går av i mars ved fylte 67 år.

«Tenk om vi kunne legge et barneperspektiv på livet nå ved juletider og ellers. I møte med barna blir en forvandlet, en må sette seg på huk. Og Gud møter oss i første fase som barn. Han er ikke farlig, men god.»

Bondevik seier at hans beste opplevingar som biskop er møte med kyrkjelydane, i jubileer og visitas. Og når han gjennom forkynninga har fått vore til hjelp for nokon. Det vanskelegaste er personalsaker, når medarbeidarar har problem, sjukdom, depresjonar, ekteskapsbrot og konflikhtar. Men det aller verste er overgrepssaker. «Jeg kan ikke tenke meg noe verre. Det er tragisk for alle parter. Da må en følge vedtatte prosedyrer og en kan ikke ta det lettvindt når kirkelige medarbeidere begår overgrep. Men det skjer heldigvis ikke så ofte.»

Biskopen er kjent som friluftsmann og naturelskar, med miljøengasjement for kyrkjass haldning, i 40 år før det vart ei motesak. På bispemøtet i 1992 utforma han og Wagle ei uttale om naturvern og miljøspørsmål, og i 1996 var han saksordførar for «Forbruk og rettferd». Miljøsaaka er den viktigaste saka på årets kyrkjemøte, seier Bondevik. «Ut fra den første trosartikkel må kirka peke på vårt ansvar for å ta vare på hagen Gud skapte. Vi har ikke rett til å skade Guds skaperverk. Som tidligere misjonær er jeg klar over hvor stort etisk ansvar vi har, for klimaendringene rammer de fattige mest.»

På spørsmål om kva trua og Ordet betyr for han, svarar han enkelt og personleg: «Guds ord er viktig for meg som kristen. Skal jeg bygge på dagsform og opplevelser, går det opp og ned. Jeg har også hatt sykdomsperioder uten spor av opplevelser. Da er Guds ord en konstant og urokkelig del av min tro. Den er uunnværlig. Sentrum for min tro er Jesus og nåden, på tross av det jeg føler.»

Trua kan vera eit problem for ein intellektuell, og til større lyset blir, til større blir grensa mot det ein ikkje forstår. Men ein får leggja bort det ein ikkje forstår og halda seg til det Paulus seier i 2. Tim 3 at Bibelen gir visdom til frelse.

Bondevik er også glad i anna litteratur og har likt å lesa frå han var skuleelev.

«Som 16-17-åring leste jeg bøkene til den kristne russiske forfatteren Dostojevskij. Han hadde et vanskelig liv, men hans intense personskildringer med det store perspektiv på livet gjorde et uutslettelig inntrykk. Jeg har også nylig lest på nytt Christianus Sextus av Falkberget.»

Når det gjeld kyrkjesituasjonen i dag, har Bondevik sagt klårt at han meiner kyrkja er i krise og at dersom ein får forkynnarforbod mot å forkynna Bibelens ord, eller at kyrkja definerer seg sjølv utanom og vedtek noko som er imot trusgrunnlaget i truvedkjenning, kyrkjelov eller liturgi, da er det ikkje *ei* kyrkje lenger.

«En må være realistisk i en

situasjon der mange har meldt seg ut og prester har sagt opp stillingen. Det er alvorlig. Og en kan ikke pynte på virkeligheten, men ta det inn over seg. Jeg savner empati hos sentrale folk i kirka. Organisasjonsledere som har anbefalt å ikke engasjere seg i menighetsråd etc, får det de har bestilt. Men skal en nå trekke seg ut av kirka, må det være absolutt siste utveg i en kirkesituasjon med utrolige muligheter og stor kontaktflate. I vårt bispedømme blir de fleste døpt og konfirmert. Og vi kan ennå gå inn og påvirke.» sa biskop Bondevik før han reiste til sitt siste kyrkjemøte som biskop.

Einy Rendal Elgsæther

## Avskjeds- gudsteneste

Søndag 27. januar samlast heile prostiet i Stangvik kyrkje til avskjeds-gudsteneste for biskop Odd Bondevik. Fleire av prestane deltek. Etter gudstenesten vert det kyrkjekaffe.

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:  
**SOKNERÅDA PÅ  
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:  
Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
71 66 02 81

E-post: ole-einy@frisurf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:  
Synnøve Bjørndal  
E-post: synnove.bjorndal@rindal.kommune.no

BLADPENGAR:  
Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:  
ASPLI Grafiske  
71 66 50 80  
Fax 71 66 50 81  
E-post: post@aspli.no  
6657 Rindal

TRYKK:  
Wennbergs Trykkeri AS  
72 88 98 00  
7075 Tiller